



**Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk fjellsenter
Brubakken 2, 2686 Lom
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 948 80 564
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/jotunheimen>

Vidar Øihusom

Saksbehandler Kari Sveen

Vår ref. 2021/8617-3 432.3

Dykkar ref.

Dato 27.09.2021

Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021-24 - Bruk av motorbåt for vedlikehold og tilsyn av hytte ved Gjende - Vidar Øihusom

Viser til søknad ved e-post av 16.08.21.

Nasjonalparkstyret behandla søknaden i møte 17. september, og gjorde slik vedtak:

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 i) får Vidar Øihusom dispensasjon for bruk av motorbåt på Gjende for transport i samband med vedlikehaldsarbeid på hytte ved Leirungsåe.

- Løyvet gjeld inntil 2 turar årleg med motorbåt på strekninga Gjendeosen – Leirungsåe T/R i samband med vedlikehaldsarbeid i 2021-2024. Tilsynet skal vera knytt til konkrete vedlikehaldsoppdrag som krev transport av utstyr, og bør i utgangspunktet planleggjast slik at ein får ordna alt på *ein* tur pr. år.
- Dersom det ved første tur blir oppdaga forhold som krev meir oppfølging med transport av tynge utstyr, kan dette utløyse eit behov for tur 2, etter varsel til nasjonalparkforvaltar.
- Bruk av motorbåt for reine tilsynsturar blir ikkje vurdert å koma inn under § 3 pkt. 6.3 i).
- Transporten skal foregå på vekedagar (måndag-fredag)
- SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato for transport seinast dagen før. Mobilnr. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no

Viser elles til vedlagt utskrift av møteboka, sak 36/2021

Vedtaket kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret innan 3 veker etter motteke vedtak.

Med helsing

Kari Sveen
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift



Kopi til:

Vågå fjellstyre	Postboks 16	2684	VÅGÅ
SNO v/ Rigmor Solem			
Vågå kommune	Edvard Storms veg 2	2680	VÅGÅ
Statsforvalteren i Innlandet	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER



Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2021/8617-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 18.08.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	36/2021	17.09.2021

Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021-24 - Bruk av motorbåt for vedlikehald og tilsyn av hytte ved Gjende - Vidar Øihusom

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 i) får Vidar Øihusom dispensasjon for bruk av motorbåt på Gjende for transport i samband med vedlikehaldsarbeid på hytte ved Leirungsåe.

- Løyvet gjeld inntil 2 turar årleg med motorbåt på strekninga Gjendeosen – Leirungsåe T/R i samband med vedlikehaldsarbeid i 2021-2024. Tilsynet skal vera knytt til konkrete vedlikehaldsoppdrag som krev transport av utstyr, og bør i utgangspunktet planleggjast slik at ein får ordna alt på *ein* tur pr. år.
- Dersom det ved første tur blir oppdaga forhold som krev meir oppfølging med transport av tyngre utstyr, kan dette utløyse eit behov for tur 2, etter varsel til nasjonalparkforvaltar.
- Bruk av motorbåt for reine tilsynsturar blir ikkje vurdert å koma inn under § 3 pkt. 6.3 i).
- Transporten skal foregå på vekedagar (måndag-fredag)
- SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato for transport seinast dagen før. Mobilnr. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 17.09.2021

Vedtak

Som innstillinga. Samrøystes.



Dokument i saka

Søknad ved e-post av 16.08.21 om dispensasjon for bruk av motorbåt for transport på Gjende i samband med tilsyn og vedlikehaldsarbeid på hytte ved Leirungsåe

Saksopplysningar

Søknaden har følgjande ordlyd:

«Jeg har blitt forepurt om å utøve vedlikehold og ettersyn av Leirungsbue ved Gjende av eier Erik Collett.

På grunn av avstanden på ca 5km en vei (Gjendeosen-Leirungsbue) søker jeg herved om dispensasjon for bruk av båt med påhengsmotor. Jeg søker om 2 turer for ettersyn og 1 tur for vedlikehold pr sesong.

Jeg kan også nevne at jeg de siste 12 år har hatt, og fortsatt har ettersyn og vedlikehold av Hellebua ved Gjendeosen, men på grunn av avstanden der ikke hatt noe behov for motor.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015. Etter vedtak i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen den 11. mai 2016 er myndigheit til å treffe vedtak i kurante saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane og saker etter nml § 48 der det er etablert forvaltningspraksis frå saker behandla av styret eller AU delegert til forvaltar. Det er ikkje etablert forvaltningspraksis for generelle tilsynsturar

Verneformål – forskrift

Verneforskrift av 14.11.14 for Jotunheimen nasjonalpark set forbod mot motorferdsel (§ 3, pkt. 6.1), men i medhald av § 3 pkt. 6.3 i) kan forvaltningsstyresmakta gi løyve til: *«Bruk av båt med motor på inntil 10 hk på Gjende for hytteeigarar ved Gjendebu og Leirungsåe.»*

I dette tilfellet er det ikkje hytteeigaren sjølv, men person som opptrer på vegne av eigaren.

Forvaltningsplan

Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LVO (2008) – rettleiande dokument inntil ny revidert plan ligg føre

Forvaltningsplanen har som overordna retningslinje at det skal vera *«minst mogleg motorisert ferdsl i nasjonalparken og landskapsvernområdet.»* Vidare er den generelle føringa at *«det vil vere vanskelegare å få dispensasjon i sone utan tilrettelegging og inngrep, og i område og til årstider og til tider då det er mange som ferdast i eit område, som i fellesferiar, høgtider og helgedagar og evt midt på dagen.»*

Forvaltningsplanutkastet kap. 8.15.5 gjev slike føringar for transport til hytter: *«for private hytter i verneområda vil det bli følgt ein restriktiv dispensasjonspraksis. Transport av materialar til vedlikehald av hytter vil normalt bli gjeve.»*

Naturmangfaldlova

Alle dispensasjonar skal vurderast etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova.



Presedens

Det vil skape uheldig presedens om ein opnar for reine tilsynsturar som ikkje er knytt til noko konkret vedlikehaldsoppdrag som krev transport av utstyr.

Vurdering

Motorbåttransport i samband med vedlikehald av eksisterande bygg er nyttetransport som kan vurderast, men søknaden er ikkje knytt til noko konkret oppdrag. Reine tilsynsturar som ikkje er basert på konkret oppdrag med behov for transport av utstyr blir ikkje vurdert å koma inn under § 3 pkt. 6.3 i), så dispensasjonen må avgrensast til ein årleg tur for vedlikehald. Ved eventuelt behov for ekstra oppfølging av registrert mangel kan det gjevast ein ekstra tur.

Søknaden er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Det er god kunnskap om området, og forholdet mellom brukarinteresser er kartlagt i fire brukarundersøkingar. Tiltaket blir ikkje vurdert å medføre vesentleg innverknad på verneverdiar eller annan bruk. Det utgjer lite i høve til den ordinære trafikken på Gjende som følgjer av generelt unntak for fising og gjevne dispensasjonar.

§ 9 Føre-var prinsippet: Den omsøkte motorferdsla gjev litt støy over eit kort tidsrom, men ein kan ikkje sjå at tiltaket vil gje vesentleg meirbelastning på naturmiljøet/friluftslivet.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel i nasjonalparken. Det er få dispensasjonssaker pr. år for ferdsel på Gjende, og desse har svært lite volum samanlikna med båtbruk for bruksrettshavarar som er direkte heimla i forskrifta § 3 pkt. 6.2 og rutebåttrafikken.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar – vurdert som ikkje relevant.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Transporten foregår innan dei rammene som elles gjeld for båttrafikk på Gjende. Båt er mest miljøvenlege løysinga.

Tiltaket medfører ikkje vesentlege konsekvensar for verneverdiane i området.

Vågå kommune har kommunal forskrift som regulerer motorferdsel i vassdrag, og denne opnar for løyve som gjeld i medhald av verneforskrift og dispensasjon for båtbruk på Gjende.